

Til Kulturdepartementet

## HØYRING OM FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I LOV OM STADNAMN

Ørsta Mållag støyr høyringssvaret frå Noregs Mållag.

Ørsta Mållag vil understreke at gardsnamn er stadnamn og kulturminne med interesse for alle. Gardsnamna byggjer på nedervde, lokale uttaleformer. Desse har stor kulturell verdi.

Namna på gardsbruka er felleseige i lokalsamfunnet. Grunneigaren har eigedomsretten til bruket. Men han eller ho kan ikkje hevde å eige namnet på bruket. Namna blir brukte vel så mykje av dei andre som bur i lokalsamfunnet, og dei er dermed medeigarar av stadnamna. Dermed er det rett at det er storsamfunnet som bestemmer korleis stadnamna skal skrivast.

Ørsta 2. september, 2014

Helsing Ørsta Mållag